

## **Nordfjord-pilot:**

### **Jakta på Superkreftene. Frå Barnehage til arbeidsliv.**

*Innspel frå Nordfjordakademiet og Nordfjord opplæringskontor.*

*Innspel til tema 1, 3 og 6.*

*Samfunnet i dag er i konstant utvikling med stadig meir konkurrerande krefter på eit høgare nivå. Det er ei utfordring å leve opp til modernisering, digitale trendar som vert nødvendige for å overleve og eit evig press for å levere til krava i det grønne skiftet. I Distrikts-Noreg har ein i tillegg ei stor utfordring med minkande folketal, mange som flyttar ut kjem ikkje tilbake, ein stor del av arbeidskrafta vert eldre og skal av med pensjon og det er ei stor utfordring med rekruttering som fører til mangel på relevant kompetanse. Skal ein utvikle Distrikts-Noreg til eit konkurransedyktig og levedyktig samfunn i framtida, må ein tenke nytt og langsiktig.*

På den andre sida av skalaen er det stor utfordring i korleis kan ein i kvar kommune ta i bruk den «ubrukte» arbeidskrafta? Ein del av denne gruppa er unge som på eit tidspunkt «datt» utanfor i samfunnet. Kva kostar desse oss som stat og fylke? Korleis kan vi forhindre at fleire dett vekk og heller forsterke gode trygge val i ungdommen som er framtida og at dei finn sine plassar i samfunnet?

**Vi ønsker at Kunnskapsdepartementet i arbeidet med stortingsmeldinga for 5. – 10. trinn vil legge fokus på:**

- Å styrke arbeidet rundt utdanningsval og praktiske oppgåver i skulen
- Fokuserer på arbeid som gir born og unge betre valkompetanse
- Etablere tiltak som vil styrke mestringsfølelse
- Vektlegge tiltak som kan forebygge fråfall og utanforskap
- Auke, styrke og systematisere samarbeidet mellom skule og lokalt næringsliv

Vi vil vise til at prosjektet vi ønsker å spele inn som ein nasjonal pilot er tatt inn i Meld. St. 27 (2022–2023) – «Eit godt liv i heile Noreg – distriktpolitikk for framtida» (20 juni 2023).



*«Utdanning er det kraftigste våpenet du kan bruke til å endre verden», sitat Nelson Mandel.*

Ein av grunnideane i Nordfjordakademiet er å byggje eit varig tiltak for rekruttering og bu/bli-lyst i regionen. For å kunne gjere dette til beste evne og samtidig så berekraftig som mogleg **er det naudsynt å tenkje både nytt og langsiktig.**

I dette arbeidet har vi alltid hatt **fokuset på ungdommen** og dei som veks opp i regionen i dag for å sikre at dei skal kunne ta tryggare og sikrare val når det gjeld jobb og utdanning.

Vårt mål er at når ungdommen tek desse vala skal dei ha full oversikt over sine moglegheiter for jobb og karriere lokalt i sin eigen region. Samstundes skal dei gjennom skulegongen og oppveksten ha utforska kva eigenskapar og evner dei har gjennom praktiske opplevingar av mange ulike yrkesgrupper.

Klarar vi det, og samtidig kan sikre at minst ein av dei finn sin plass i samfunnet på et tidlegare stadium i livet, at ein finn sin plass i ei lokal bedrift og at ein unngikk eit «feilval» av dyr mastergrad – ja, då har vi ikkje berre spart samfunnet for ekstra kostnader, men vi har også bidratt til eit samfunn med gode samfunnsborgarar som er på å utvikle samfunna vidare. **Nettopp fordi dei veit og kjenner si «superkraft»!**

For å få til dette må det til eit stort stykke arbeid, og det arbeidet må starte allereie i barnehagen. Skal ein vidare lukkast med delar av fullføringsreformen, distriktspolitikken, integreringspolitikk, skulepolitikk, bu -og bli-lyst, og næringspolitikk meiner vi at vårt prosjekt «Jakta på superkreftene» vil kunne løyse fleire av «samfunnsflokane» vi som region står ovanfor, og vidare vere med å danne eit grunnlag for å inspirere til liknande prosjekt i heile Noreg.

#### Overordna mål/ visjon

*Vårt hovudmål er følgje borna og ungdomane i Nordfjord gjennom heile opplæringsløpet og inn i yrkeslivet. Vi skal sette kvart einskilt individ i fokus og byggje opp kompetansen deira kring valmoglegheitene dei har i livet sitt, med utgangspunkt i det lokale yrkeslivet i Nordfjord.*

## Kva er «Jakta på superkreftene»?

*Jakta på superkreftene er ein banebrytande pilot som skal ta i bruk heilt nye metodar for at borna og ungdommane skal få rom til å finne sine superkrefter, bli kjent med alle yrker og ikkje minst få eit forhold til bedriftene og kommunane i regionen.*

*Ein av våre store samfunnsflokke er at born og ungdom i Noreg ikkje får anledning til å finne sine superkrefter og heller ikkje orientere seg godt nok om dei mogelegheitene som finst på heimplassen eller i regionen sin. Dette fører med seg:*

- at mange «vel feil», tek usikre val
- fråfall i skule
- ungdom vel utdanningar som ikkje nødvendigvis er utdanningar dei har valt fordi dei brenn for det eller at dei matchar deira eigenskapar
- unge som fell utanfor arbeidslivet
- fråflytting og utfordringar med rekruttering

*Samt er det mange unge som gjerne vil flytte heim som har valt utdanningar det lokale nærlingslivet ikkje etterspør – **då vert det feilmatch**. Vidare handlar det om å ta vare på ungdommane når dei er i lære, i yrkesliv og når dei kanskje ikkje bur i regionen fordi dei tek anna utdanning i for eksempel byane i Noreg.*

Ei anna utfordring er ulike grunnlag i kvar region, i kvar kommune og på kvar skule for samarbeidet mellom skule og næringsliv:

- ulik kompetanse på karriere-veilederar og rådgiverar i skulane
- ulik stillingsprosent dedikert til samarbeid mellom skule og næringsliv
- stor «gjennomtrekk/utskifting» av dei som jobbar i utdanningsval
- usikkerheit rundt prioriteringar for aktivitetar ein skal ta i bruk i utdanningsval
- lite til ingen kontakt med lokalt næringsliv
- lite til ingen kjennskap til lokalt næringsliv



Prosjektet vil fokusere på alle yrker og mogelegheiter uavhengig studiespesialiserande eller yrkesfag.

### **Kvifor kallar vi det «superkreftene»?**

*I Nordfjord-piloten; **Jakta på Superkreftene** skal ein følge borna og ungdomane i regionen gjennom heile opplæringsløpet, frå barnehagen og inn i yrkeslivet.*

Vi kallar prosjektet **Jakta på superkreftene** fordi vi ynskjer at alle born skal finne si heilt spesielle superkraft. Noko dei brenn for og har interesse for, er gode eller flinke til. Vi ynskjer å gripe fatt i den einstilte si superkraft slik at dei held fast ved denne heile vegen til vaksen alder og inn i yrkeslivet. Å finne si superkraft er ikkje nødvendigvis enkelt, og ofte veit ein ikkje kva ein vil bli, kva ein synest er kjekt eller kva ein er flink til. Det er difor viktig at ein **gjennom ulike erfaringar og læring gjennom leik får introduksjon til så mange ulike tema og yrker som mogeleg**. På denne måten vil gi borna og ungdomane våre valkompetanse for sine liv. Vi meiner at dette ikkje fungerer i dag. Borna våre har ikkje god nok valkompetanse verken i Nordfjord eller i Noreg.

*Ved å sette kvart einskilt individ i fokus og byggje opp kompetansen deira kring valmoglegheitene dei har i livet sitt, med utgangspunkt i det lokale yrkeslivet i regionen vil ein:*

*(1) la borna finne sine «superkrefter» noko dei brenn for og likar*

*(2) gjere borna kjent med lokalt næringsliv og arbeidsmoglegheiter, samt*

*(3) forberede borna og ungdommen til å ta sikrere og meir sjølvstendige val i både skule, utdanning og arbeid*

### **Korleis og kva skal vi utvikle i «Jakta på superkreftene»?**

«Jakta på Superkreftene» skal utvikle eit ferdig produkt/konsept og ei verktøykasse full aktivitetar som inkluderer lokalt næringsliv som skulane og barnehagane kan ta i bruk.

Denne digitale verktøykassa skal innehalde blant anna:

- Årshjul med viktige aktivitetar for både elevar og lærerar/rådgiverar

- Malar og system til alle aktivitetar og arrangement i årshjulet
- Oppskrifter for prosjektoppgåver frå lokalt næringsliv
- Oppgåver og idear ein kan bruke opp mot lokalt næringsliv
- System for integrering av lokalt næringsliv i fagplanar/læreplanar

Målet er å utvikle eit program på alle aldersnivå som er så omfattande at det vil dekke alle behov skulane har innan utdanningsval. Vi ynskjer at programmet vi utviklar skal kunne bli tatt i bruk i heile Noreg på sikt – og vere banebrytande for korleis vi tenkjer utdanningsval og valkompetanse. Programmet vil òg sjå på korleis vi kan engasjere born og ungdom i utdanningsval og i det å finne sine «superkrefter» også utanom skulen.

*Ein skal utvikle gode system slik at samarbeid og kontakt mellom skule og næringsliv, frå barnehage til endt utdanning, ikkje vert tilfeldig eller ulikt dersom du bur i ein anna del av regionen, men vert meir systematisert og mindre tilfeldig.* Ein vil også fokusere på gode system for korleis drive lærlingarbeid, slik at ein oppnår mindre fråvær og fråfall i skulen, samt færre «feilval» og mindre unge uføre. Eit mål er at på sikt vil fleire velgje distrikt, fleire vil føle meistring og fleire finne sin plass i samfunnet.

### **Kvifor er prosjektet så viktig:**

- Born og unge har for dårleg kunnskap om yrker og mogelegheiter – valkompetansen på styrkast.
- Vi er for dårlege til å la borna våre oppdage seg sjølv og sine interesser. Skulen er lite rigga for dette. Eit heilt klassisk døme på dette er den urolege eleven som slit seg igjennom skulen – men blir ein av dei aller beste sveisarane. Han fekk aldri prøve sveising før han kom på vidaregåande. Kva forskjell hadde dette gjort for motivasjonen til eleven om han fekk mogelegheita til å oppdage dette tidlegare? Vi trur prosjektet vil minske mellom anna fråfall, og påverke motivasjon i positiv retning.
- Vi må minske tal ungdommar som bestemmer seg for utdanning nokre få dagar før søknadsfristen. Eit direkte resultat av dette vil vere mindre såkalla «feilval». Vala til ungdommane våre skal ikkje vere tufta på kva mor eller far seier, eller kva vennane skal gå. Det må i mykje større grad enn i dag vere eit bevisst val fordi dei har fått oppdaga sine superkrefter og mogelegheiter.
- Næringslivet og offentleg sektor er avhengige av at fleire ungdommar tek relevante utdanningar i høve behovet, og er avhengig av at fleire vender tilbake etter endt utdanning

anten på vidaregåande nivå eller frå høgare utdanning. Låg rekruttering fører til at bedrifter ikkje får utvikle seg eller ut potensialet sitt.

- Prosjektet vil vere eit enormt supplement til rådgivarar i skulen og til faget utdanningsval.

***Fordi Noreg og distrikta treng noko nytt!***

----- Slutt -----